



**Utval:** Utval for plan og miljø  
**Møtestad:** Kommunestyresalen, Fitjar rådhus  
**Dato:** 15.11.2016  
**Tid:** 13:00- 16:00

## Faste medlemmer som møtte:

<b>Namn</b>	<b>Funksjon</b>	<b>Reprenter</b>
Torstein Grimen	Leiar	H
Bente Karin Isdahl	Medlem	H
Bård Inge Sørfohn	Medlem	KRF
Karen Elisabet Rydland Sæbø	Medlem	SP

## Forfall:

<b>Namn</b>	<b>Funksjon</b>	<b>Reprenter</b>
Annar Westerheim	Nestleiar	AP

## Varamedlemmer som møtte:

<b>Namn</b>	<b>Møtte for</b>	<b>Reprenter</b>
Roger Nesbø	Annar Westerheim	AP

## Frå administrasjonen møtte:

<b>Namn</b>	<b>Stilling</b>
Atle Tornes	Rådmann
Torgeir Steien	Fagleiar plan og utvikling
Anne Lise Næs Olsen, til og med sak PS 85/16	Sakshandsamar
Kristin Meland	Utvalssekretær
Kari Rydland sak PS 79/16 og sak PS 80/16	

Torstein Grimen  
Leiar

Kristin Meland  
Utvalssekretær

<b>Saksnr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Lukket</b>
PS 75/16	Godkjenning av protokoll	033
PS 76/16	Meldingar	033
PS 77/16	Saker handsama etter delegering	033
PS 78/16	Klage på vedtak i sak PS-61/16, gjeld mur på 61/576.	61/576
PS 79/16	Uttale til SIM sin Ressurs- og miljøstrategi	K00
PS 80/16	Søknad om utviding av landbasert anlegg for oppdrett av rognkjeks på lokalitet Årskog	K62
PS 81/16	Høyring, framlegg til endring i plan- og bygningslova og mindre justering i matrikkellova.	L00
PS 82/16	Dispensasjon frå arealbruk etter kommuneplanen for oppføring av bustad på 59/49.	59/49
PS 83/16	Søknad om dispensasjon etter Pbl. § 19-2 for utlegging av flytebrygge gnr. 37/1	37/1
PS 84/16	61/20 Bruk av strandeigedom - Vurdering av sanksjonar - Kalveid	61/20
PS 85/16	62/44 - Ny brukseining i bustad - Lynghaug	62/44
PS 86/16	Eigedomsavgifter for 2017	150
PS 87/16	Sakshandsamingsgebyr for 2017	150
PS 88/16	Budsjett avdeling for plan og utvikling	150
PS 89/16	Restanser pr. 09.11.2016	033
PS 90/16	Ymse	033

## **PS 75/16 Godkjenning av protokoll**

### **Framlegg til vedtak/tilråding:**

Utval for plan og miljø godkjenner protokoll frå sist møte.

### **Behandling i Utval for plan og miljø - 15.11.2016:**

#### **Vedtak: (Samrøystes)**

Som framlegg.

## **PS 76/16 Meldingar**

### **Framlegg til vedtak/tilråding:**

Utval for plan og miljø tek meldingssaka til vitande.

### **Behandling i Utval for plan og miljø - 15.11.2016:**

Vedk. melding om planprosess – sentrumsutvikling Fitjar – sjå Ymse.

### **Vedtak: (Samrøystes)**

Som framlegg.

### **PS 77/16 Saker handsama etter delegering**

#### **Framlegg til vedtak/tilråding:**

Utval for plan og miljø tek saka til vitande.

#### **Behandling i Utval for plan og miljø - 15.11.2016:**

#### **Vedtak:**

Som framlegg.

### **PS 78/16 Klage på vedtak i sak PS-61/16, gjeld mur på 61/576.**

#### **Framlegg til vedtak/tilråding:**

Med vising til saksopplysningar og administrasjonen sine vurderingar, opphevar utval for plan og miljø sitt vedtak av 30.08.2016 i Sak Ps-16/16.

#### **Behandling i Utval for plan og miljø - 15.11.2016:**

#### **Udelt av Hallgeir Grov under synfaring:**

Brev datert 12.11.2016 frå Evy og Hellgeir Grov til Fitjar kommune vedkomande tiltak på gnr. 61/576.

**Representanten Bård Inge Sørfonn (Krf)** sa seg ugild i saka då han leigar naboeigedomen og har foreldre i nærleiken, samt at han er kollega med ein av dei klagande.

Representanten ble samrøystes erklært ugild og gjekk frå møtet.

**Halvard Wiik (KrF)** var kalla inn som vararepresentant og møtte i hans plass.

Utval for plan og miljø føretok synfaring i saka.

#### **Vedtak: 3 mot 2 (Torstein Grimen, Halvard Wiik og Roger Nesbø) (Karen Elisabet R. Sæbø og Bente Karin Isdahl)**

Med vising til saksopplysningar og administrasjonen sine vurderingar, opphevar utval for plan og miljø sitt vedtak av 30.08.2016 i Sak Ps-16/16.

### **PS 79/16 Uttale til SIM sin Ressurs- og miljøstrategi**

#### **Framlegg til vedtak:**

Utval for plan og miljø rår kommunestyret til å gjøre følgjande vedtak:

Fitjar kommune sluttar seg til SIM sin Ressurs- og miljøstrategi med det konkrete forslaget til endring som går fram av saksutgreiinga.

### **Behandling i Utval for plan og miljø - 15.11.2016:**

Janne Hillesøy frå Sunnhordland Interkommunale Miljøverk orienterte om saka i utvalet.

#### **Tilråding til kommunestyret: (Samrøystes)**

Fitjar kommune sluttar seg til SIM sin Ressurs- og miljøstrategi med det konkrete forslaget til endring som går fram av saksutgreiinga.

### **PS 80/16 Søknad om utviding av landbasert anlegg for oppdrett av rognkjeks på lokalitet Årskog**

#### **Framlegg til vedtak/tilråding:**

Fitjar kommune har ikkje merknader til søknad om utviding av biomasse frå 25 til 115 tonn for oppdrett av rognkjeks på lokalitet Årskog.

Fitjar kommune vil oppmode at tiltakshavar fører ein god dialog med naboar om sin utviding og drift av anlegget.

### **Behandling i Utval for plan og miljø - 15.11.2016:**

Etter drøfting i utvalet la rådmannen fram framlegg om fylgjande tillegg til pkt. 1 skal lyde slik:

Fitjar kommune har ikkje merknader til søknad om utviding av biomasse frå 25 til 115 tonn for oppdrett av rognkjeks på lokalitet Årskog, **under føresetnad av at resipienten er tilfredsstillande.**

#### **Vedtak: (Samrøystes)**

Fitjar kommune har ikkje merknader til søknad om utviding av biomasse frå 25 til 115 tonn for oppdrett av rognkjeks på lokalitet Årskog, under føresetnad av at resipienten er tilfredsstillande.

Fitjar kommune vil oppmode at tiltakshavar fører ein god dialog med naboar om sin utviding og drift av anlegget.

### **PS 81/16 Høyring, framlegg til endring i plan- og bygningslova og mindre justering i matrikkellova.**

#### **Framlegg til vedtak/tilråding:**

Fitjar kommune stettar Kommunal- og moderniseringsdepartementet sitt framlegg til dei nemnde endringane i plan- og bygningslova, med dei merknadane Fitjar kommune har vedkomande regionalt planforum.

### **Behandling i Utval for plan og miljø - 15.11.2016:**

#### **Vedtak: (Samrøystes)**

Som framlegg.

## **PS 82/16 Dispensasjon frå arealbruk etter kommuneplanen for oppføring av bustad på 59/49.**

### **Framlegg til vedtak/tilråding:**

Med vising til sakopplysningar og vurdering, dispenserer utval for plan og miljø frå arealbruk etter kommuneplanen for oppføring av bustad mm., på gnr. 59 bnr. 49.

Vedtaket er fatta med heimel i plan- og bygningslova si § 19-2.

Dersom vedtaket ikkje vert påklaga vert sjølve byggjemeldinga å handsame administrativt.

### **Behandling i Utval for plan og miljø - 15.11.2016:**

#### **Vedtak: (Samrøystes)**

Som framlegg.

## **PS 83/16 Søknad om dispensasjon etter Pbl. § 19-2 for utlegging av flytebrygge gnr. 37/1**

### **Framlegg til vedtak/tilråding:**

Utval for plan og miljø dispenserer frå byggjeforbodet etter § 1-8 og godkjenner søknad om utlegging av flytebrygge på 2,4x 10m.

Vedtaket er gjeve med heimel i Pbl. §§ 19-2 og 21.4 samt Hamne- og farvannslova §§ 9, 27 og 29.

### **Behandling i Utval for plan og miljø - 15.11.2016:**

#### **Vedtak: (Samrøystes)**

Som framlegg.

## **PS 84/16 61/20 Bruk av strandeigedom - Vurdering av sanksjonar - Kalveid**

### **Framlegg til vedtak/tilråding:**

Utval for Plan og miljø gjev heimelshavar, Jomar Andreas Brakedal, pålegg om retting av ulovleg tilhøve. Bryggje i aust lyt fjernast, og bryggje i vest må vinklast lenger mot aust. Dette innan 3 veker frå heimelshavar har motteke vedtak i saka.

Samstundes med dette pålegget, vert det fastsett tvangsmulkt på kr. 500,- pr. dag. Tvangsmulkt startar frå 3 veker etter heimelshavar har motteke dette vedtaket.

Pålegget vil kunna fylgjast opp med førelegg som kan få verknad som rettskraftig dom. Pålegget skal tinglysast som eit hefte på eigedom 61/20.

Det vert vist til saksutgreiinga og vurderinga ovanfor som grunnlag for vedtaket som er gjort i medhald av plan- og bygningslova § 32-3, jf. §§ 32-5 og 32-6.

### **Behandling i Utval for plan og miljø - 15.11.2016:**

**Representanten Bård Inge Sørfonn (Krf)** kom med framlegg om å utsetje saka i påvente av synfaring med alle tilhøyrande partar.

Utvalet hadde ikkje merknader til utsetjingsframlegget.

#### **Vedtak:**

Saka vart utsett i påvente av synfaring.

### **PS 85/16 62/44 - Ny brukseining i bustad - Lynghaug**

#### **Framlegg til vedtak/tilråding:**

Utval for Plan og miljø gjev i medhald av pbl § 21-4, løyve til oppdeling av bueining som omsøkt. Løyvet er gjeve på følgjande vilkår:

1. Dokumentasjon på utomhusplan som syner parkeringsløyving for til saman 3 parkeringsplassar, lyt sendast inn og godkjennast av kommunen før tiltaket kan setjast i gang.
2. Dokumentasjon på tilstrekkeleg innvendig og utvendig bodplass lyt sendast inn og godkjennast av kommunen før tiltaket kan setjast i gang.

Det vert vist til saksutgreiinga og vurderinga ovanfor som grunnlag for vedtaket.

Løyve fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan 3 år, eller stoppar i lengre tid enn 2 år, jf. pbl § 21-9.

### **Behandling i Utval for plan og miljø - 15.11.2016:**

**Representanten Torstein Grimen (H)** gjekk frå som ugild i saka då han er tiltakshavar.  
**Representanten Bente Karin Isdahl (H)** gjekk frå som ugild i saka då ho er søster til klagarene.

**Jo Kjetil Strand (H)** og **Margaret Hillestad (H)** møtte for h.h.v. Torstein Grimen og Bente Karin Isdahl.

**Representanten Bård Inge Sørfonn (Krf)** tok over som setteformann.

#### **Vedtak: (Samrøystes)**

Som framlegg.

### **PS 86/16 Egedomsavgifter for 2017**

#### **Framlegg til vedtak/tilråding:**

Utval for plan og miljø rår kommunestyret til å gjera slikt vedtak:

Fitjar kommunestyre fastset følgjande satsar for egedomsavgifter for 2017:

Årsgebyr og tilknytingsgebyr for vatn og avløp vert uendra.

Gebyra for renovasjon vert auka i samsvar med forslaget frå SIM.

Gebyra for slam vert redusert, jf. forslaget frå SIM.

Gebyr for gjennomføring av lovbestemt feiing og tilsyn med fyringsanlegg vert auka med kr 24,-.

Den gratis prøveordninga med innhenting av plast og tekstil for alle brukarane i Fitjar vert vidareført i 2017.

Lovbestemt meirverdiavgift kjem i tillegg til satsane.

### **Behandling i Utval for plan og miljø - 15.11.2016:**

#### **Tilråding til kommunestyret: (Samrøystes)**

Fitjar kommunestyre fastset fylgjande satsar for eigedomsavgifter for 2017:

Årsgebyr og tilknytingsgebyr for vatn og avløp vert uendra.

Gebyra for renovasjon vert auka i samsvar med forslaget frå SIM.

Gebyra for slam vert redusert, jf. forslaget frå SIM.

Gebyr for gjennomføring av lovbestemt feiing og tilsyn med fyringsanlegg vert auka med kr 24,-.

Den gratis prøveordninga med innhenting av plast og tekstil for alle brukarane i Fitjar vert vidareført i 2017.

Lovbestemt meirverdiavgift kjem i tillegg til satsane.

### **PS 87/16 Sakshandsamingsgebyr for 2017**

#### **Framlegg til vedtak/tilråding:**

Utval for plan og miljø rår kommunestyret til å gjera fylgjande vedtak:

Fitjar kommunestyre vedtek framlagt forslag til gebyrregulativ gjeldande frå 01.01.2017.

### **Behandling i Utval for plan og miljø - 15.11.2016:**

Rådmannen kom med slik tilleggssopplysning til punkt 5.11 kor 2 setning skal lyde slik:

Men dersom det er **uføresette** moment i saka som fører til at gebyret vert openbart urimelig, kan rådmannen eller den han/ho har gjeve fullmakt, av eige tiltak, **eller etter søknad**, fastsetja eit høveleg gebyr.

#### **Tilråding til kommunestyret: (Samrøystes)**

Fitjar kommunestyre vedtek framlagt forslag til gebyrregulativ gjeldande frå 01.01.2017.

### **PS 88/16 Budsjett avdeling for plan og utvikling**

#### **Framlegg til vedtak/tilråding:**

Utval for plan og miljø legg fram følgjande omprioriteringar og tiltak .....

### **Behandling i Utval for plan og miljø - 15.11.2016:**

Økonomisjef Trond Salmo og rådmann Atle Tornes presenterte situasjonen for avdeling for plan og miljø.

Utvalet drøfta saka.

**Representanten Torstein Grimen (H)** kom med slik framlegg til uttale;

### **Uttale til formannskapet: (Samrøystes)**

Utval for plan og miljø ser med stor uro på at avdelinga for byggesak mister konstituert leiar 2.halvår 2017. For å ivareta våre innbyggere og sikre eit faglig miljø for framtida, ynskjer me at formannskapet / administrasjonen ser på ei løysing der kommunen kjøper inn tekniske tenester frå stord/Bømlo

Administrasjonen må i den anledning sjå kva struktur avdelinga kan behalde på Fitjar.

### **PS 89/16 Restanser pr. 09.11.2016**

#### **Framlegg til vedtak/tilråding:**

Utval for plan og miljø tek saka til vitande.

#### **Behandling i Utval for plan og miljø - 15.11.2016:**

#### **Vedtak/tilråding:**

Som framlegg.

### **PS 90/16 Ymse**

#### **Framlegg til vedtak/tilråding:**

#### **Behandling i Utval for plan og miljø - 15.11.2016:**

#### **Torstein Grimen (H) hadde følgjande:**

Utvalet ber om at sak vedkomande sentrumsutvikling blir fremja for regionalt planforum. Sak til neste utvalsmøte.

#### **Representanten Karen Elisabet R. Sæbø(Sp) hadde følgjande:**

1. Etterlyste svar på spørsmål frå sist møte vedk. anbud på arbeid ved Øvrebygda skule. Rådmannen orienterte om at arbeidet har vore på avgrensa anbud, og entreprenør er velt.

2. Adressetildeling langs Rv 545.

Administrasjonen orienterte om at det blir jobba med denne saka, men ein er ikkje sikker på når adressene vil være klare for tildeling.

Torgeir Steien orienterte om:

Medhald i sak hos avgjort av fylkesmannen vedkomande oppføring av utestue på fritidseigedom gnr. 61/484.

Feilinformasjon i sist møte vedkomande utlegging av bustadområde i Fiskaneset.

Rådmannen orienterte om at det er to små område i Fiskaneset som er bustadområde i kommuneplanen, men som ikkje er med i reguleringsplanen. På grunn av manglande oppfølging av tilkomst i reguleringsplanen(manglar fortau/gangstii) kan det verta ei utfordring å få desse område byggjeklare

#### **Vedtak/tilråding:**



